

Innspel til planinitiativ Vike Camping

Eg ser at eigarane av Vike camping ynskjer å regulere området for å få legalisert campingplassen. Det er det verdt å knytta ein del kommentarar til.

Området som søkjar vil regulere innebefattar området sørom E39 ved sjøen. Dette er eit område som i dag ikkje er avsett til fritids og turistføremål, og er i strid med overordna plan. For det andre har underteikna naust i dette området, gbnr 219/2. Me ser særst negativt på at dette området skal verte nytta som del av campingplassen. Det vil føra til mykje hyppigare bruk, og vil truleg fortrenge mykje av vår eigen aktivitet der. Dette er eit historisk naustområde, som tidlegare eigar har gjort store terrengendringar, bryggjer, plattingar, fundament, røyr, boss osv. Alt dette er sjølvstykkt ikkje i tråd med lovverket. Noverande eigar har også stått for ulovleg bruk, tilføring av meir boss, og ein modul på hjul. Me ynskjer sterkt at dette området skal vera eit historisk naustområde slik det har vore, og ikkje verte ein myldrestad for campingplassen. Då vil våre naust verta heilt verdilause for oss. For det tredje skal dette området seljast til underteikna jamnfør vedtak i sak 21/6260 Alver kommune. Såleis bør det under alle omstende ikkje tillatast regulering av dette området. Eg tilet meg å nemna, at eg trur, på grunn av noverande eigarar sine handlingar til no, at dei uansett vil nytte området slik dei vil. Regulering eller ikkje. I det siste har det vorte sett opp sperringar som hindrar oss å komme til nausta våre, og hindrar ålmenta tilgong til sjø.

Det vert skriva at legaliseringa ikkje vil ha nokon særleg effekt på lokalområdet sidan det var vore drift i mange år. Den drifta har vore ulovleg, og ei belastning for lokalsamfunnet. Eg synes ikkje det er eit godt argument. Sidan dei nye eigarane kom til har dei i alle høve ikkje føljt vedtak frå lanbruksavdelinga, miljø og tilsyn eller statsforvaltaren. Førre eigar var også på denne linja, og ein hadde trudd at nye eigarar med høgare utdanning og erfaring innan eigedom, tedde seg annleis. Men, det viser seg at dei nye eigarane lang på veg er verre enn den gamle. Sjølv om dei heile vegen har visst om utfordringane knytta til plassen, har dei ikkje føljt vedtaka kommunen har gjort og driv ulovleg den dag i dag. Eg meiner heilt klart at dei ikkje er skikka til å drive og kjem til å øydeleggje lokalsamfunnet. Børge Knustad som er styreleiar i Vike camping og marina AS og forøvrig i Oster shipping og tidlegare Oster Pukk og sand AS, har uttalt at området skal brukast i samanheng med avfallsdeponiet i Urdal og djupvasskai til dette. Då er det i alle fall punktum for lokalbefolkninga.

Campingplassen vil òg utvilsomt koma i konflikt med drifta av garden vår, då me ligg heilt inntil området med hus, driftsbyggning og innmark. I dag har me allerie utfordringar med stor trafikk gjennom tunet vårt med bilar, nattlege besøk i hagen, av rusa personar(ikkje berre alkohol), lukt frå avløpsanlegget(som ikkje er godkjent). Me har og opplevd folk som går gjennom grindar og inn på beita til dyra våre. Og alle desse kjem frå campingplassen, det har me sjekka og spurt om.

Eg vil også be kommunen sjekka opp i dei gamle planane og vedtaket der dette området vart regulert til fritids og turistføremål. Det bør på alle måtar vurderast om det skal vera eit slikt område der i det heile. Uansett kva, så må heile plassen rivast og gravast opp før ein kan få det lovleg(noko eg tvilar søkjar kjem til å gjere). Dette på grunn av at einingane står for tett i høve til brannkrav, at så vidt eg

kjenner til er alle spikartelta tilknytt vatn og avlaup, som ikkje er lovleg. Og dersom det skulle legaliserast vil det jo verta eit hyttefelt i staden som er noko heilt anna enn campingplass. Og så har me den foreløpige skredvurderinga som viser skredfare, som truleg gjer at halve campingplassen ikkje kan nyttast utan store tiltak i fjellet over.

Eller ser eg at ein i snøskredvurderinga har nytta Eikanger målestasjon. Lokal kunnskap seier at det er meir enn dobbelt så mykje snø her enn på Eikanger. Det bør ein ta høgde for.

Eg vonar Alver kommune gjer gode vurderinga i denne saka, og spelar på lag med innbyggjarane.

Mvh.

Torgeir Andvik og Tina Kvamme

Gbnr. 219/2